

Kirke og kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Deres ref: 2007/02370 ME/ME2 LAB/elt Vår ref: 08/01216 NR

Oslo 09.09.08

Høyringsvar – utkast til forskrifter om tilskudd til filmformål

Vi viser til brev av 10.07.08, og oversender med dette høyringssvaret frå styret i Norsk filminstitutt. Etter avtale med departementet blir svaret oversendt ein dag etter fristen.

Styret er positive til det arbeidet som er gjort med forskriftene og at fleire av framlegga frå Veiviseren her får heimel i forskrift. Den praktiske handteringa må likevel utformast i underforskrifter, eit arbeid ein bør starte så snart som råd. Dersom notifisering i ESA fører med seg større endringar, ser vi fram til å bli orienterte om dette.

I høyringssvaret gir styret nokre generelle merknader innleiingsvis, og kommenterer spesifikt per artikkel vidare.

Med vennlig hilsen


Nina Refseth
Direktør

Kristenn Einarsson (sign)
Styreleiar

Høyringsvar frå Norsk filminstitutt

Styret i Norsk filminstitutt vil innleiingsvis gjere nokre generelle merknader til forskriftene.

Departementet gjer framlegg om ei oppdeling i tre forskrifter; Forskrift om tilskudd til audiovisuelle produksjoner, Forskrift om tilskudd til manuskriptutvikling og utdanningsrettede tiltak, og Forskrift om tilskudd til utenlandske audiovisuelle produksjoner og tilskudd til distribusjon av norske filmer i utlandet.

NFI vil peike på at Forskrift om tilskudd til manuskriptutvikling og utdanningsrettede tiltak femner svært ulike ordningar, og har til dels ulik målsetting og målgruppe. Etter vårt skjønn burde denne forskrifta derfor delast i to separate forskrifter. Da vil både målsetting og generelle krav bli meir målretta til kvar av ordningane.

På fleire område blir det foreslått å setje grenseverdier og måltal inn i dei enkelte forskriftene. NFI vil understreke at vi ser nytta av nominelle verdier, både av omsyn til planlegging og for å sikre best mogleg utnytting av tilskotta. Ut frå prinsippet om mest mogleg generelle forskrifter, vil vi likevel be departementet vurdere i kva tilfelle nominelle kronebeløp og måltal bør vere regulerte i forskrifta, og når dei betre kan regulerast i underforskrift. Det kan vere grunnar til at ein ønskjer å endre grenser og måltal opp eller ned, anten av kunstnarlege eller av økonomiske omsyn. Ei slik justering vil vere lettare å gjennomføre dersom verdiane er regulerte gjennom underforskrift framfor gjennom forskrift.

Vi vil også peike på gjennomgåande språklege val som kan ha langsiktige konsekvensar. Forskriftene skal gi reglar om tildeling av tilskott frå Norsk filminstitutt, jamfør § 1-1. I § 1-8 andre ledd går det fram at alle tak blir gitt ut frå samla offentlege tilskott, ikkje berre dei som er gitt via NFI. NFI vil be departementet vurdere om regelverket bør gjerast institusjonsavhengig, og i alle fall presisere i kva tilfelle reglane i så fall berre gjeld tilskott frå NFI og når andre offentlege tilskott er del av grunnlaget. Det gjeld både regionale fond, og også tilskott frå andre nasjonale filminstitutt. Som klageinstans for NFI vil vi anta at også departementet i enkelte tilfelle vil vere omfatta av regelverket.

Til slutt vil NFI gjere merknad om at fleire ordningar no byggjer på kvalitative vurderingar framfor automatiske ordningar. Dette har mange positive sider, men det vil også måtte føre med seg ein noko auka administrasjon i vurderingsprosessen.

Styret i Norsk filminstitutt har desse enkeltmerknadene til forskriftene:

Forskrift om tilskudd til audiovisuelle produksjoner.

Kapittel 1 Generelle bestemmelser

§ 1-1 Virkeområde

Sjå innleiande merknad om avgrensing av forskrifta ut frå tilskottsgivar

§ 1-2 Overordnede mål.

Andre leddet: Styret i NFI meiner leddet om kostnadseffektiv produksjon bør stå i forskrifta slik det er gjort framlegg om.

Til siste ledd, der det står at tilskotta "over tid" skal bidra til å oppnå målet om likestilling i filmbransjen, meiner vi at "over tid" bør gå ut. Tilskotta bør verke i denne retninga uavhengig av tidshorisont.

NFI ber også departementet vurdere å ta inn eit punkt spesielt om film for barn og unge, for å understreke den vekta som ligg på av desse som ei viktig målgruppe. Det vil også vere i samsvar med den vektlegginga som er gitt til film retta mot barn og unge i etterhandsstøtta, jf § 4-3.

§ 1-3 Forvaltning

Første ledd, andre punktum: Her må også § 2-5 Tilskudd til utvikling og produksjon av fjernsynsserier med.

§ 1-4 Definisjoner

Til punktet a), definisjon av audiovisuell produksjon, så opnar dette ein sirkelreferanse dersom det skal likestillast med punkta b) til f), som er underordna omgrepet audiovisuell produksjon. Vi gjer framlegg om at omgrepet løftast opp slik at det står: "I denne forskriften omfattar begrepet audiovisuell produksjon ." Da må dokumentarfilm i tillegg omtalast i eige ledd.

Dersom ein ikkje løfter dette leddet, bør fjernsynsserie gå inn som ein deldefinisjon også i a).

NFI ber vidare departementet vurdere aldersavgrensinga i punktet d), som no berre omfattar rein barnefilm. Dette er ei innsnevring i høve til dagens regelverk, som femnar målgruppa opp til 15 år.

Vi gjer også framlegg for at omgrepet "fjernsynsserie" i punktet e) blir utvida med "drama for fjernsyn", eventuelt "fjernsynsdrama". På den måten kan ein opne for støtte til t.d. fjernsynssinglar dersom det blir aktuelt, utan å måtte gå til endring av forskrift. Spesifisering av format for fjernsyn bør derfor liggje i underforskrift.

§ 1-6 Generelle vilkår

Vi vil først påpeike ein mindre inkonsekvens mellom a) og c). Medan a) refererer til produksjonsforetak basert i EØS-området, skal søkjaren i c) vere eit norsk eller anna EØS-basert foretak. Ledda bør vere harmoniserte.

Til punktet b) vil NFI be departementet vurdere om dokumentasjonskravet bør presiserast til ein revisorrapport som viser forsvarleg drift innanfor gjeldande regelverk (t.d. aksjelova § 3-4 om forsvarleg eigenkapital ut frå risiko og omfanget av verksemda), og selskapets evne til å gjennomføre produksjonen. Produksjonsselskap kan i gitte periodar av ein produksjon ha negativ eigenkapital, medan drifta ut heilskapen kan likevel vere forsvarleg. I og med at andre setning i leddet opnar for ei slik løysing, bør ein vurdere gjere det til hovudprinsippet.

Til punktet c), tredje punktum, ber vi departementet vurdere om unntaket også bør gjelde kortfilm. Kortfilmen er ein viktig rekrutteringskanal, og kan bidra til å synleggjere eit større mangfald.

§ 1-7 Vurdering av søknader og utmåling av tilskudd

Ein bør vurdere om § 1-7 bør delast i to §§, i og med at delen som omhandlar vurdering av søknader ikkje har noko naturleg tilknytning til siste leddet, om avrekning.

Til andre leddet, om prioritering av særskilt talentfulle regissørar og manusforfattarar, så bør dette også gjelde § 3-1 Tilskudd til produksjon av ikke-norskspråklig kinofilm med vesentlig norsk bidrag.

Til siste ledd, andre punktum; "Dersom de faktiske utgiftene er lavere enn budsjettet, vil det for slike tilskudd kreves tilbakebetaling slik at tilskuddsprosentsen opprettholdes". Vår vurdering er at eit slik framlegg vil motarbeide måla om kostnadseffektivitet og kostnadsbevisstheit, fordi dette vil medføre at det blir mest lønnsamt for alle filmar å levere til budsjett. Målet må være at filmene blir produserte under budsjett, slik at det blir frigjort middel til ny aktivitet. Det same prinsippet ligg til grunn både i Dansk filminstitutt og Svensk filminstitutt. DFI har nytta denne passusen i sine forskrifter;

4.8.5 Uforbrukt usikkerhedsmargin (contingency), samt evt. yderligere besparelser indgår i produktionsregnskabet og indtægtsopgørelser som en del af filmens indtægter.

Med eit sterkt fokus på lansering vil vårt forslag vere at produsenten kan overføre underforbruk, innafor ei ramme som svarar til posten for uføresette utgifter, til lansering. Dette vil altså kunne auke lanseringsbudsjettet og på same tid ikkje endre tilskottsprosenten eller forholdet mellom ulike investorar i prosjektet.

§ 1-8 Tak for offentlig støtte

Til første ledd: Det er to ulike tilskottsordningar for lansering; innanlandslansering og utanlandslansering. Det går ikkje klart fram av teksten om ramma på 35 millionar 2008-kroner omfattar begge former for lanseringsstøtte, eller om støtte til lansering i utlandet kjem i tillegg, sidan det går til annan mottakar. Sjå §§ 5-1 og 5-3 i denne forskrifta. I tillegg må etterhandsstøtta inkluderast i samla støtte.

Vi viser også til innleiande merknad om nominelle kronebeløp i forskrift.

Til tredje ledd, om tilskott frå overnasjonale eller internasjonale organ, er det uklart om til dømes støtte frå offentlege filminstitutt i andre land skal reknast som internasjonale tilskott, eller om det må reknast som del av offentlig tilskott.

§ 1-9 Orientering om vedtak

Siste ledd omhandlar aksept av føresetnadene for tilskott. For ordens skuld bør det gå fram at aksepten skjer allereie når tilskottsmottakar ber om utbetaling, altså før sjølve utbetalinga.

§1-12 Sanksjoner

Første ledd punkta a) – c) omhandlar i kva tilfelle NFI kan trekkje tilbake tilsegn om tilskott og eventuelt krevje tilbakebetaling. I andre ledd omtalast grovt misleghald, med omtrent same sanksjonar. Skal det vere skilnad i alvoret mellom første og andre ledd?

Ved mindre grove brot manglar heimel for ein variant der NFI kan halde tilbake tilskott fram til tilhøva er retta opp.

Kapittel 2 Tilskudd til norske audiovisuelle produksjoner

§ 2-1 Tilskudd til utvikling og produksjon av kinofilm.

I siste ledd omtaler ein samla tilskott frå Norsk filminstitutt, og viser til § 4-4. Ut frå § 1-8, andre ledd, vil vi forstå det slik at reglane i § 4-4 omfattar summen av alle offentlege tilskott. I så fall bør samla tilskott i § 2-1 gjelde samla offentlege tilskott, uavhengig av tilskottsutdelar. Vi ber også departementet gjere same vurdering i høve til §§ 2-2 og 2-3.

§ 2-3 Tilskudd til utvikling og produksjon av dokumentarfilm

I tredje leddet meiner NFI at omgrepet "betydelig profesjonell erfaring med filmproduksjon" bør stå. I og med at det ikkje er knytt til ein bestemt funksjon, bør det vere rom for å krevje at minimum ein av nøkkelmedarbeidarane har brei erfaring, medan dei andre da kan ha mindre erfaring. Nivået i norsk dokumentarfilmproduksjon er no så høgt at dette også bør speglast i terskelen for å kvalifisere til tilskott.

§ 2-4 Tilskudd til produksjon av kinofilm etter markedsvurdering

NFI ber departementet vurdere om det er hensiktsmessig at det skal vere eit nominelt måltal for kinobesøk i forskrifta, eller om dette talet kan fastsetjast i underforskrift eller av støttegivar (NFI). I ein marknad med varierende oppslutning, kan eit måltal for kinobesøk gi uttrykk for ulike krav over tid. Ut frå ei slik vurdering vil det vere gunstig om måltalet blir sett i underforskrift eller frå NFI si side, sidan det da kan regulerast i samsvar med marknadsutviklinga dersom det er behov.

§ 2-6 Tilskudd til utvikling av interaktive produksjoner.

I første leddet blir formålet med ordninga definert ut frå tilgangen for målgruppa barn og unge, noko som skil seg strukturelt frå andre formål, som er produksjonsorienterte. Vår vurdering er at støtteordninga ikkje er meint å sikre tilgangen, men å sikre ein norsk produksjon for denne marknaden.

I andre leddet blir det definert at ein kan gi tilskott til produksjonar for barn og unge, utan at denne gruppa er nærare definert. Definisjonen brukt for barnefilm vil i stor grad utelukke produksjonar retta mot ungdom. Det kan uansett vere vanskeleg å definere eksakt målgruppe for interaktive

produksjonar. Dataspel er ikkje regulert gjennom norsk lov slik film er det, men blir regulert gjennom PEGI-ordninga. Det er eit frivillig system der klassifiseringa skjer av medlemmene sjølve. Det er vidare berre rettleiande, og legg ingen føringar på vidare sal. Det vil dermed måtte bli ei skjønsmessig vurdering kva målgruppe eit dataspel har som primærmarknad. I og med at støtte blir gitt til utvikling og ikkje til produksjon, vil det vere lite grunnlag for ei slik vurdering. Vår tilråding er derfor at ordninga blir gjort uavhengig av målgruppevurdering.

I den samanheng viser vi også til § 5-2 Tilskudd til lansering av interaktive produksjoner i Norge. Der er formålet definert for at norske interaktive produksjonar skal nå eit størst mogleg publikum, men utan at dette er spesifisert til barn og unge. Andre leddet viser til tilskott gitt etter § 2-6, og slik det står no, er det derfor uklart kva vekt ein skal legge på kva aldersgruppe. Uansett må paragrafane harmoniserast.

I tredje ledd er det eit spørsmål om krav til betydelig profesjonell erfaring. Tilskotta gjeld her utviklingsstøtte i ein ung bransje, og vi ser det derfor som lite hensiktsmessig å nytte omgrepet "betydelig" her.

Siste ledd: Utviklingstilskottet er her avgrensa prosentueelt (75%), men har inga øvre nominell grense. Vi ber departementet vurdere om det skal inn i underforskrift. I praksis vil dette likevel bli regulert av budsjettammene.

§ 2-7 Tilskudd til pakkefinansiert utvikling og produksjon av flere kinofilmer.

I nest siste ledd er det i form av klammeparentes opna for eit spørsmål om manuskriptforfattar skal vere del av vurderingar og prioriteringar. Vår tilråding er at manuskriptforfattaren er ein viktig bidragsytar i eit kreativt triangel, og derfor bør vere del av dette. Manusforfattar bør derfor inn. Dersom ein vurderer desse tre som ei eining, kan ein vurdere om det er desses kunstnarlege resultat ein vil vurdere, og ikkje berre regissørens.

I fjerde ledd, siste punktum bør formuleringa "over tid" gå ut, sidan verknaden bør vere uavhengig av tidshorisont.

Til siste leddet med tak på 30 millionar 2008-kroner, sjå merknader innleiingsvis om nominelle grenser. I siste punktum viser ein til grensene i § 4-4. Dersom nominelle tal skal stå i forskrifta, er det ei pedagogisk vurdering om ein bør vise til § 1-8 i tillegg.

Kapittel 3 – Tilskudd til ikkje-norskspråklige audiovisuelle produksjoner

NFI er kjend med at departementet vil gjere ei særskilt vurdering av forskriftene i lys av den europeiske co-produksjonsavtalen, og at den endelege utforminga av forskrifta vil ta omsyn til denne. Dette ligg til grunn for dei merknadene vi gjer til dette kapitlet.

§ 3-1 Tilskudd til produksjon av ikkje-norskspråklig kinofilm med vesentlig norsk bidrag

Andre avsnitt, siste ledd: Vi ser det som ønskeleg at Norsk filminstitutt kan fastsette høgare poengkrav for det enkelte tilskottsåret, dersom det kan bidra til å sikre interessene til norsk filmindustri på sikt.

Nest siste ledd, sjå merknad innleiingsvis.

§ 3-2 Tilskudd til produksjon av kinofilm med norsk samprodusent.

I motsetnad til reguleringar av andre ordningar blir det her ikkje sett tak på tilskottet, korkje i kroneverdi eller prosentueit. NFI ber departementet vurdere om eit slikt tak kan vere hensiktsmessig for å harmonisere regelverket mellom ordningane.

Styret i NFI føreset av forskrifta på denne punktet er samordna med tilsvarende forskrifter i DFI og SFI, og er i samsvar med internasjonalt regelverk.

§ 3-3 Vurdering av norsk bidrag

Skalaen gir poeng for norsk leiande rolle, manusforfattar, regissør og fagsjefar. Ved poenggivning på individnivå er det her ikkje definert korleis ein skal definere omgrepet "norsk", om det er knytt til statsborgarskap, bustad, morsmål eller anna. I fall det skulle bli usemje om tolkinga, er det heller ikkje gitt kven som har definisjonsretten, og om NFI kan gjere denne vurderinga.

Kapittel 4 – Etterhåndstilskudd til kinofilm

§ 4-2 Vilkår for tilskudd.

I andre ledd blir måлтаlet sett til 10 000 selte billetter. NFI viser til merknad innleiingsvis, og ber departementet vurdere om måлтаlet bør regulerast i underforskrift. Vidare legg vi til grunn at dette gjeld selte billetter i Norge. Vi ber også departementet vurdere om unntaket i andre punktum kan gjelde novellefilm med regulær kinovisning.

Tredje ledd, siste punktum: Førehandstilsegn bør bli gitt på grunnlag av godkjend produksjons- og lanseringsbudsjett, og setninga bør stå i forskrifta.

§ 4-3 Beregning av etterhåndstilskudd

Samla tilskott er regulert i § 4-4, og for mange filmar vil dette setje tak for etterhandstilskottet. Første setning bør derfor endrast til at etterhandstilskottet skal tilsvare opptil 100 % av dokumenterte inntekter. Den same merknaden er gyldig for barnefilm. I samsvar med andre delar av forskrifta, bør paragrafen vise til reguleringa i § 4-4.

Av omsyn til rettferdsprinsippet bør det i siste setning presiserast at det gjeld kvinner i funksjonen utøvande produsent, og ikkje ansvarleg produsent. I det siste tilfellet vil det elles omfatte den som skriv for selskapet, og kunne slå skeivt ut.

§ 4-4 Tak for etterhåndstilskudd

I forhold til første ledds punktum en, to og tre, viser vi til merknad innleiingsvis om nominelle måltal.

Vidare bør det leggjast inn eit tak for lanseringskostnader som kan godkjennast innan ordninga. Under vegs har ein diskutert opp til kr 4 millionar, jf § 5-1, men det nominelle taket kan regulerast i underforskrift.

NFI har ikkje per i dag full oversikt over kva utslag omlegginga frå billettstøtte til etterhandsstøtte vil kunne ha. Vi ser positivt på at det i første leddet er opna for to unntaksreglar, ein for filmar med stort risikokapitalbehov og eit for filmar med særleg kunstnarleg kvalitet og lågt marknadspotensial, slik at enkelte filmar kan vurderast særskilt ut frå behov.

Andre leddet omhandlar ikkje norskspråkleg film med norsk hovudprodusent. Til første punktum vil vi kommentere at det ikkje klart går fram kva kriterium som ligg til grunn om grensa blir sett ved kr 1,5 millionar eller ved 50% av løyvd førehandstilskott. Tredje punktum omhandlar mogleg unntak for filmar som er "vanskelig tilgjengelig". Omgrepet er lite presist, og vi gjer framlegg om at det blir erstatta med "særleg dårlig markedspostensial i utlandet", jf første leddet. Det vil etter vårt syn sikre intensjonen med avgrensinga.

Vi har elles ingen særskilte merknader til berekningsgrunnlaget.

Kapittel 5 – Tilskudd til lansering og teksting av audiovisuelle produksjoner

§ 5-1 Tilskudd til lansering av kinofilm i Norge.

Vi oppfattar at det er denne paragrafen som opnar for differensiert tilskott avhengig av lanseringstidspunktet. Styret i NFI vil først peike på at dette er ei vesentleg omlegging frå dagens praksis. Ordninga slik ho no fungerer, er tilnærma automatisk, og medfører lite administrasjon. Ei sterkare vurdering og prioritering av søknadene ut frå tre kriterier, vil måtte føre til meir administrasjon. Alle filmar som søker om lanseringsstøtte må i så fall vurderast ut frå publikumspotensial. Publikumspotensialet for ein film blir i dag rekna ut under marknadsstøtteordninga, der ei ekstern ekspertgruppe gjer denne vurderinga. Det er kostnadskrevjande, og ei tilsvarande vurdering for lansering vil gjere ordninga mindre føreseieleg.

Vidare er framlegget uklart i høve til korleis ein tenkjer å knytte lanseringstidspunkt til støttebeløp. Vi støttar intensjonen om større spreining av lanseringane. Men vi ser ikkje at NFI har mynde eller kompetanse til å pålegge produsentane eit gitt lanseringstidspunkt. Dersom det skal verke som eit incentiv for å lansere til dømes på sommaren, kan ein vanskeleg avslå støtte til filmar dersom det kjem ei opphoping der. Det vil heller ikkje verke inn i dei tilfella der tre filmar blir lanserte same veka. Det kan uansett ikkje vere ei automatisk ordning, og det er vanskeleg å sjå korleis ein tenkjer å gjere dette føreseieleg for den enkelte produsenten. Vår tilråding er at ein søker andre verkemiddel for å sikre at dei rette filmene kan få lansering om sommaren, og samtidig sikrar ei god spreining også gjennom resten av året.

Nest siste ledd: NFI ser det som hensiktsmessig at ein held på at NFI kan fastsetje satsar for lanseringstilskottet.

Siste ledd: Det er viktig at det skal vere rekneskapsførte lanseringskostnader som kan førast direkte til prosjektet det er søkt støtte for.

§ 5-2 Tilskudd til lansering av interaktive produksjoner i Norge

Som kommentert under § 2-6 er det ikkje samsvar mellom målgruppedefinisjonane i dei to paragrafane.

I tredje leddet blir det gjort framlegg om at ein skal leggje til grunn både "fremlagte lanseringsplaner" og "produksjonens forventede salspotensial". Det er per i dag ingen god måte å anslå salspotensialet på. I motsetnad til på filmområdet, er det ingen samla distributør som kan gi anslag. Forskrifta skal også femne online- spel, der det er enda vanskelegare å seie noko om eit salspotensial. Vi gjer derfor framlegg om at vurderinga berre skal skje på grunnlag av fremlagte lanseringsplanar.

Sjå elles innleiande merknad om nominelle verdiar i forskriftsform.

§ 5-3 Tilskott til lansering i utlandet

Nest siste ledd: NFI ser det som hensiktsmessig at ein held på at NFI kan fastsetje satsar for lanseringstilskottet.

Siste ledd: Det er viktig at det skal vere rekneskapsførte lanseringskostnader som kan førast direkte til prosjektet det er søkt støtte for.

§ 5-4 Tilskott til teksting av kinofilm.

NFI gjer merksam på at ordninga er lite nytta i dag. Hovudgrunnen til det er kravet om at alle kopiar meinte for kinovisning i Norge må tekstast, slik at det ikkje er mogleg å ha enkelte kopiar utan tekst. Om få år vil vidare mange kinoar i Norge vere digitaliserte, og sjølve velje om dei vil vise filmen med eller utan tekst. Slik forskrifta no er utforma, vil ein berre kunne gi tilskott til teksting av fysiske filmrullar. NFI ber departementet vurdere om forskrifta bør vere meir open, og heller regulere det kvantitative målet i underforskrift.

Forskrift om tilskudd til manuskriptutvikling og utdanningsrettede tiltak

Innleiingsvis vil styret i NFI peike på at denne forskrifta regulerer svært ulike støtteordningar, og etter vårt syn med fordel burde vore delt i to, ei for tilskott til manuskriptutvikling og ei for tilskott til utdanningsretta tiltak.

§ 2 Overordnede mål.

Omgrepet kostnadseffektiv i andre ledd bør gå ut. Forskrifta gjeld ein kunstnarleg utvikling, og vi ser det som lite hensiktsmessig å setje krav om at den skal vere kostnadseffektiv

Vi peiker igjen på at dei overordna måla er lite retta mot utdanningsretta tiltak.

§ 4 Definisjoner

Vi viser til strukturell merknad til § 1-4. I tråd med at dette skal bidra til talentutvikling, ber vi om at ein tar inn ei opning for at også enkeltstående tv-drama blir teke inn i definisjonen.

§ 8 Tilskudd til arbeidsstipender

Siste ledd: NFI ber departementet vurdere om omgrepet "over tid" er dekkjande for intensjonen bak formuleringa, eller om det bør gå ut.

§ 9 Tilskudd til manuskriptutvikling

Til første ledd legg vi til grunn at det er opp til tilskottsytar å finne ei praktisk forståing av omgrepet "manus" i relasjon til utvikling av interaktive produksjonar.

Vi viser også her til tidlegare kommentarar om tv-seriar og høve til å inkludere enkeltstående tv-drama.

Nest siste ledd: "Dersom manuskriptet skal bygge på et litterært verk, må søkeren gjøre rede for prosjektets filmatiske intensjoner". Det bør leggjast til: og dokumentere eventuell opsjon på det litterære verket (eventuelt: rett til å bruke forelegget).

§ 11: Manglar

§ 14 Sanksjoner

Sjå merknad under forskrift for audiovisuelle produksjoner, § 1-12.

Forskrift om tilskudd til utenlandske audiovisuelle produksjoner og tilskudd til distribusjon av norske filmer i utlandet.

Styret i NFI er svært positive til at desse ordningane no kjem på plass. For tilskottet til utanlandske audiovisuelle produksjonar viser vi til at dette er eit næringsretta tiltak, som også kunne vore administrert under Næringsdepartementet.

§ 6 Tilskudd til dekning av utgifter for utenlandske audiovisuelle produksjoner

I andre ledd blir mottakar av tilskott definert. Intensjonen for ordninga er vel at dette skal gå til norske produksjonsselskap. Opninga for at dette skulle kunne vere norsk filial eller dotterselskap, kan gjere det mogleg å ta imot tilskott gjennom selskap som blir etablerte berre for dette formålet. Vi gjer derfor framlegg om at delsetninga ” eller en norsk filial eller datterselskap av hovedprodusenten” blir stroke.

Vi ser det vidare ikkje som formålstenleg å setje eit minimumsbeløp for forbruk i 2008-kroner, da det vil regulere seg sjølv gjennom ein avgrensa pott. I og med at tilskottet blir utbetalt etter at produksjonen er fullført og utgiftene er dokumenterte, er det etter vår vurdering heller ikkje nødvendig å krevje fullføringsgaranti. Sjå krav i femte ledd, siste punktum.

Ledd tre: førehandstilsegn inntil løyvd ramme er nytta bør stå i forskrifta.

I fjerde leddet blir NFI pålagt å leggje vekt på i kva grad produksjonane bidreg til å fremje norsk kultur, historie og natur. Dette ligg litt på sida av den kompetansen NFI har bygd opp, men vi føreset at dette kan bli presisert i underforskrift.

Fjerde ledd: kompetanseheving av den norsk filmbransjen er etter vårt syn mindre føremålstenleg ved vurdering av søknader, og kan strykast her når det står i § 2.

§ 9 Manglar